


05å

FISKERIDIREKTORATET  
BIBLIOTEKET

22 APR. 1993




## FISKERIRETTLEIAREN

SANDE      VANYLVEN      VOLDA

# Årsmelding **1992**

Vårt  
Distrikt:



**FISKERIRETTELEIAREN I SANDE, VANYLVEN**

**OG VOLDA**

**6084 LARSNES**

Tlf. 070 28033

Fax. 070 28241


## **ÅRSMELDING**

**1992**

### **Innhold:**

Kapittel 1. Presentasjon av rettleiardistriktet, kart.	s.3
Kapittel 2. Sysselsetjing i fiskerinæringa.	s.4
Kapittel 3. Fiskeflåten.	s.8
Kapittel 4. Fiskeindustri/foredling.	s.13
Kapittel 5. Råstoffsituasjon/ilandført kvanta.	s.15
Kapittel 6. Havbruksnæringa.	s.17
Kapittel 7. Anna aktivitet/verksemd.	s.20

Trykking, april 1993.



## **Kapittel 1.**

### **PRESENTASJON AV FISKERIRETTLEIARDISTRIKTET, TENESTA**

Rettleiardistriktet består av kommunene Sande, Vanylven og Volda. Desse er geografisk dei sørlegaste kommunene i Møre og Romsdal fylke.

Sande kommune er ei øykommune i tillegg til at ein liten del av arealet er på fastlandet. Vanylven og Volda er fastlandsommuner. Begge desse er oppdelte av fjordsystem. Rettleiardistriket dekkjer difor både ytre og indre kystforhold.

Sande kommune er den sterkaste tradisjonelle "fiskerikommune", mens Volda er svakast, som er et utslag av geografisk plassering. Vanylven kjem på eit mellomnivå. Fiskeoppdrett har styrka næringa i alle tre kommunene. Denne aktiviteten er også viktig for sysselsetjinga og næringslivet i heile distriktet.

Rettleiingstenesta dekkjer distriktet etter "Lov om rettleiingsteneste i fiskerinæringa", ellers er rettleiaren merkelovens tilsynsmann i kommunene.

Fiskerirettleiarkontoret ligg i kommunesenteret Larsnes i Sande. Kontorlokalet er i andre høgda i "gamlebanken", ved rådhuset.

Kontoret er betjent av fiskerirettleiaren i fast stilling. I tillegg har kontoret også det siste året hatt tilbod frå arbeidsmarkedsetaten med ein arbeidsplass.

Oppgåvene er av ulik karakter og belastninga er ujamn. Sakshandsaminga må til tider verte på grensa til det uansvarlege, kontorrutina vert ofte brota og dermed usikker.

Ved kontoret vert det registrert at brukarane finn tenesta viktig og rimeleg bra betjent.

## Kapittel 2.

### SYSSELSETJING I FISKERINÄRINGA

#### SYSSELSETJING I FISKEFLÄTEN

Fiskarmannatalet gjev ei god oversikt over yrkesaktiviteten i fiskeflåten. Manntalsførde på blad B har fiske som hovedinntekt og på blad A er fiske attåtnäring.

Tabellen nedanfor viser fiskarmannatalet for Sande, Vanylven og Volda frå 1980 fram til i dag. Grunnen til manglante tal for Volda i åra 1980 - 1983, er at i denne perioda var ikkje Volda med i dette retteliardistriket. Volda kom med i 1986.

Tabell 2.1: Manntalsførde

ÅR	SANDE		VANYLVEN		VOLDA	
	blad A,	B	blad A,	B	blad A,	B
1980	20	234	25	126		
1982	19	267	27	137		
1984	23	211	12	121	6	60
1986	26	205	12	140	2	75
1988	32	206	11	142	9	81
1990	35	198	13	134	11	69
1991	41	202	12	141	12	76
1992	39	207	11	154	11	79

Tabellen er basert på eigne tal og viser antal manntalsførde ved årets slutt.

Stort sett har vi hatt oppgang i antall manntalsførde. Sande har 246 fiskarar, Vanylven 165 og Volda 90. Prosentvis fordeling for heile diskriktet: Sande 49 %, Vanylven 33 % og Volda 18 %.

Sande har 9 kvinner, Vanylven 5 og Volda 8 i manntalet.

**Tabell 2.2: Alderssamsetjing i manntalet BLAD B  
(hovedyrkeaktivitet)**

<u>ÅR</u>	<u>KOMMUNE</u>	<u>&lt; 30 år</u>	<u>30-50 år</u>	<u>&gt; 50 år</u>
1990	Sande	47 %	35 %	18 %
1991	"	46 %	35 %	19 %
1992	"	45 %	36 %	19 %
1990	Vanylven	47 %	37 %	16 %
1991	"	52 %	34 %	14 %
1992	"	48 %	35 %	17 %
1990	Volda	59 %	36 %	5 %
1991	"	59 %	36 %	5 %
1992	"	43 %	49 %	8 %

Oversikta syner at arbeidstakarane forlet yrket lenge før pensjonsalder. Ved gjennomgang av personane, finn ein at dei få over 50 år vesentleg er fartøyseigarar. Dette viser ein underleg personalpolitikk i fiske samanlikna med andre yrke. Ein kan tyde dette som at i aktivt fiske tel erfaring lite framfor arbeidskapasitet.

**Tabell 2.3: Registeringar av inntekt frå fiskeri for kommunene, 1983 - 1991**

<b>ÅR</b>	<b>SUM INNTEKT</b>	<b>DELTAKARANTAL</b>	<b>GJENNOMSNITTSINNTEKT</b>
<b>SANDE</b>			
1983	20.686.080,-	233	88.781,-
1985	22.425.080,-	222	101.016,-
1987	28.182.412,-	248	113.639,-
1989	29.124.654,-	231	126.081,-
1990	33.467.655,-	217	154.299,-
1991	39.551.152,-	228	173.470,-
<b>VANYLVEN</b>			
1983	15.929.810,-	138	115.433,-
1985	17.873.672,-	165	108.325,-
1987	25.041.976,-	189	132.497,-
1989	20.323.850,-	184	110.456,-
1990	20.554.894,-	166	123.825,-
1991	24.610.468,-	161	152.860,-
<b>VOLDA</b>			
1983	5.003.482,-	68	73.581,-
1985	7.830.616,-	86	91.054,-
1987	11.122.623,-	91	122.227,-
1989	9.578.400,-	92	104.113,-
1990	9.878.162,-	92	107.371,-
1991	11.163.760,-	86	129.811,-

Tabell 2.3 viser inntektsutviklinga i fiskeri. Tabellen er på grunnlag av Garantikassen for fiskarar sine registreringar. All aktivitet som er innrapportert til feriefondet er med, også for fiskarar som ikkje har rett til opptak i fiskarmannatalet.

Frå 1983 til 1991 har ein kvart år hatt ei auke i inntektene. For totalinntekta i kommunene har Sande hatt ein auke på 18 %, Vanylven 20 % og Volda 13 % frå 1990 til 1991.

Tala for 1991 viser at generelt sett var dette eit godt år og resultatet gav ein positiv auke. Tal for 1992 er ikkje tilgjengeleg før i mai-93, men foreløbige statistikkar kan tyde på ein ny auke og positiv sysselsetjing. Sjølv om framtidia synest ikkje berre positiv, vil fornuftig forvaltning av resultat frå dei positive åra, gjere dei nærmaste åra rimeleg trygge.

## **SYSSELSETJING I FISKEINDUSTRIEN**

I 1992 hadde fiskeforedlingsbedriftene 30,5 årsverk. Dette utgjorde 22 kvinner og 27 menn. Desse er både i deltid- og fulltidsarbeid.

Utviklinga med omsyn til sysselsetjinga er svak, men positiv. Bedriftene arbeider likevel under svært stramme økonimisk forhold.

## **SYSSELSETJING I HAVBRUKSNÄRINGA**

Sysselsetjinga i oppdrett viser 12,2 årsverk for Sande, 17,5 årsverk for Vanylven og 28,7 for Volda. 11,5 er tilsette i Sande, 16 tilsette i Vanylven og i Volda er talet 23 tilsette.

I havbruksnäringa er menn dominerande i arbeidsstokken.

## Kapittel 3.

### FISKEFLÄTEN

**Tabell 3.1: Antall registrerte fartøy i Merkeregisteret i rettleiardistriktet fra 1981 - 1992, og spesifisering av innmeldingar for 1992.**

#### SANDE

<u>År</u>	<u>Totalt</u>
1981	103
1983	86
1985	85
1987	80
1989	68
1990	67
1991	75
1992	78

<u>Dekka fartøy av stål - tre - anna</u>					<u>opne</u>	<u>Sum</u>
<u>UT 1992</u>	7	1	1	5	4	11
<u>INN 1992</u>	8	2	0	6	6	14
<u>1992</u>	49	9	16	24	29	78

#### VANYLVEN

<u>År</u>	<u>Totalt</u>
1981	56
1983	44
1985	42
1987	40
1989	37
1990	36
1991	36
1992	33

<u>Dekka fartøy av stål - tre - anna</u>					<u>opne</u>	<u>Sum</u>
<u>UT 1992</u>	1	1	0	0	7	8
<u>INN 1992</u>	5	1	0	4	0	5
<u>1992</u>	27	2	5	20	6	33

**VOLDA**  
År                    **Totalt**

1981	27
1983	25
1985	26
1987	20
1989	14
1990	13
1991	15
1992	17

<b>Dekka fartøy av stål - tre - anna</b>				<b>opne</b>	<b>Sum</b>
<b>UT 1992</b>	0	0	0	0	0
<b>INN 1992</b>	2	0	2	0	2

<b>1992</b>	5	0	2	3	11	16
-------------	---	---	---	---	----	----

Totalt for heile rettleiardistriktet har ein denne prosentvise samansettning av fiskeflåten:

- Sande 61 %
- Vanylven 26 %
- Volda 13 %

Merkeregisteret har i 1992 hatt ein del aktivitet, men endring i det totale antall i Merkeregisteret frå 1991 til 1992, synest å vere nokså stabil. Sande og Volda har hatt fleire innmeldingar enn utmeldingar, Vanylven er her i ein motsatt situasjon.

Distriktet sine spesielle fisketillatelsar (konsesjonar) har minka over tid. Siste år har det ikkje vore endringar. Sande har ein kvalkonsesjon som svevar enno i det uvisse då fartøyet den er tilknytt til er ute av kommunen. Dette i tillegg til at fordelinga av konsesjonane til komersiell kvalfangst i framtida er noko uavklara. Den fabrikktrålkonsesjonen som er registrert i kommunen, er dreven frå Ålesund og har hatt små fiskekvoter dei siste åra.

Vanylven hadde ein ringnotkonsesjon som var i full aktivitet.

Fartøykvoter for torsk:

I 1992 hadde Sande 16 torskekvote som tilsa 1.033,3 tonn for heile kommunen. Eit fartøy med torskekvote vart selt til ei anna kommune og to nye fartøy vart kjøpt med torskekvote. I 1993 har Sande fartøykvoter på tilsaman 1.252,7 tonn, ein auke på 219,4 tonn frå året før.

Vanylven hadde 4 kvoter for 1992 som gav 118,8 tonn. Dette året vart ei kvote selt ut av kommunen og ei kvote tilført. For 1993 gav dette totalt antall tonn på 254,3 tonn, ein auke på 135,5 tonn frå 1992.

Dei registrerte fiskefartøy i distriktet har ellers tilgjenge til torskefiske i maksimalkvoteordninga. For å delta her, må ein vere tilknytt fiskarmannatalet.

Den vekst ein kan registrerer i manntalet og merkeregisteret, skriv seg vesentleg frå denne ordning der eldre fiskarar finn deltaking som fritids-/hobbyfiskar redusert. Reduksjonen fører til at dei nyttar dei rettar dei som eldre fiskarar har til manntalet og dermed få større fiskerettar i merkeregisteret enn fritidsfartøy (binæring).

## FISKEFLÅTEN OG AKTIVITET

### Sande:

#### Fartøy over 35 m:

Av dei fabrikkrålarane (67,4 og 67,6 m) som er registrerte i kommunen, har berre den eine konsesjon for trål. Denne konsesjonen gjev så reduserte kvoter at fartøyet må i store delar av året drive på utradisjonelle ressursar og andre land sine kvoter. Fartøyet har fått til eit midlertidig driftsopplegg i vårt nærområde mens ein ventar på gjenoppbygging av tradisjonelt driftsgrunnlag. Det andre fartøyet er i fylgje med andre liknande norske fartøy i fiske ved New-Zealand, Australia og Sør-Amerika. Dette fartøyet kan vise til eit brukbart resultat. Fartøyet som driv i norske farvatn, har ei innteningsevne som er for svak.

Sande kommune sitt skjellskrapefartøy (53,5 m) er i aktivitet. Fartøyet kom i drift igjen i slutten av 1989 etter vanskår som denne nye aktivitet har hatt. 1992 vart eit relativt godt år igjen. I midlertid har drifta hatt større kostnad enn venta og driftsvanskår har vore betydelige. Finansieringa ved kjøp av fartøyet vart heller kostbar, men forhandling om ny og betre finansiering har resultert i betring. Fartøyet har vore i full aktivitet i skjellskraping og 1992 vart eit nytt godt år inntektsmessig.

#### Fartøy 20 - 35 meter.

Kommunen har 5 større autolinefartøy. Eit fartøy vart selt og to vart kjøpt. Desse fartøya dreiv aktivt driftsopplegg med henting av torskekvota i starten av året utanfor Nord-Norge, vidare linefiske på vestlege felt (Hebridane, Shetland og Færøyane) og noko ved Norskekysten (Nordsjørenna og Skjoldryggen). Eit av fartøya har hatt godt innslag av hafisk (Skjoldryggen - Nordsjøen). 1992 vart eit godt år for autoline fartøya.

### Fartøy 13 -20 meter.

Denne gruppa tel 8 fartøy. På slutten av året vart eit av desse tatt ut av kommunen då eigaren hadde flytta til Ulstein. Eit av fartøya driv havteinefiske etter kysten (Trøndelag - Nordland). I tillegg har fartøyet vårtorskefiske som tilleggsaktivitet. Dei seks andre har derimot vårtorskefiske som hovudsesong. To av desse tek fangsten med snurrevad, og to med garn. Som tilleggsaktivitet har fartøya ulikt opplegg. Ein har snurpenot etter sild/makrell, ein har kystline og to har snurrevad som heilårsaktivitet. To andre har forsøkt ulike aktivitetar som brugdefangst, garn etter lange på Egga, samt fiske med håbrandsline som alle har gjeve ulikt resultat.

Denne fartøygruppa synest svært avhengig av torskeressursen og med små kvoter vert årsresultatet for svakt. Dei fartøy som hadde lite kostnadsinnsats fekk eit godt år i 1992, nye kostbare fartøy fekk for svak inntjening.

---

### Fartøy under 13 meter:

Ved utgangen av året var her 64 stk. i denne fartøygruppa:

- 10 - 13 meter: 4 stk.
- 8 - 10 meter: 36 stk.
- under 8 meter: 24 stk.

### Vanylven

Eit større fiskefartøy er heimehøyrande i Vanylven ( 56,2 m). Dette har ringnotkonsesjon, og fekk eit relativt godt driftsår.

Eit brukta autolinefartøy vart innkjøpt til Vanylven i 1992 (35,7 m). Resten av fartøya (31 stk.) er under 13 meter:

- 10 -13 meter: 7 stk
- 8 - 10 meter: 15 stk
- Under 8 meter: 9 stk

### Fartøy under 36 m:

Vårtorskefiske synest vere hovudsesong for alle. Vidare aktivitet er fiskeri med not etter brisling, sild, makrell og sei. I tillegg er linefiske viktig. Det vart noko ujamt årsresultat for desse.

## Volda

Etter merkeregisteret har Volda 17 fartøy. Med unntak av to (11,4 m og 12,1 m), er alle under 10 meters lengde. Fartøyet på 11,4 meter vart innkjøpt til Volda i 1992. Fartøya under 10 meter har ei slik fordeling:

- 8 - 10 meter: 6 stk.
- Under 8 meter: 9 stk.

Alle driv aktiviteten sin lokalt rundt Voldafjorden. Etter generelle standardkrav for rasjonelt fiskeri vil desse ha problem med å vise til økonomiske resultat av aktiviteten sin som gjev rett til oppføring i merkeregisteret. Imidlertid kan resultatet vere eit positivt tillegg til matauk og inntekt for utøvarane. Utviklinga på fiskebestandande synest positiv også i Voldafjorden . Dersom denne utviklinga held seg, vil det føre til at interessa for aktiviteten økonomisk vert verdifull for lokalbefolkninga.

## Kapittel 4.

### FISKEINDUSTRI/FOREDLING

#### SANDE

Tabell 4.1: Aktiviteten til fiskebedriftene 1992 i Sande.

NAMN	TILSETTE	OMSETNING	ÅRSVERK
J.M. Bringsvor as	2 kv. 5 menn	3,2 mill.	4,5 stk.
Sandanger Herm. as	11 kv. 4 menn	5,3 mill.	8,0 stk.
Sandefisk	1 mann	0,7 mill.	1,0 stk.
<b>Sum</b>	<b>13 kv.10 menn</b>	<b>9,2 mill</b>	<b>13,5 stk.</b>

Tabell 4.2: Samla aktivitet til fiskebedriftene i 1989 og 1986 i Sande.

NAMN	TILSETTE	OMSETNING	ÅRSVERK
<b>1989</b>	<b>22 kv. 8 menn</b>	<b>10,4 mill</b>	<b>18 årsverk</b>
<b>1986</b>	<b>25 kv.11 menn</b>	<b>20,0 mill</b>	<b>27 årsverk</b>

Sande kommune har to bedrifter som driv direkte mottak frå fiskeflåten, Sandanger Hermetikk as, Gjerdsvika og J.M. Bringsvor as, Sandshamn.

J.M. Bringsvor driv tradisjonell fiskeforedling, salting /tørking samt slakting og pakking av oppdrettslaks.

Sandanger Hermetikk produserer fiskehermetikk (fiskebollar og sildeprodukt). I 1992 starta bedrifta med kjølevareproduksjon av fisk. Orkanskader gjorde at Sandanger Hermetikk vart sett ut av produksjon store delar av 1992.

Mykle Preserving as, Sandshamn vart avvikla i 1992.

Sandefiske v/ Ole Sande starta aktivitet i 1992. Bedrifta driv pakking og kommisjonssalg av ferskfisk for innland og eksport. Også lakseprodukt og skalldyr vert produsert. Bedrifta leiger pakking ved J.M. Bringsvor.

## VANYLVEN

Tabell 4.3: Aktivitet til fiskebedrifta i Vanylven 1992.

NAMN	TILSETTE	OMSETNING	ÅRSVERK
Aqua Prod. Vest as	8 kv. 7 menn	2,5 mill.	5 stk.

Lakseslakte-/pakkeanlegget AQUA PRODUCT VEST AS, Åheim kom i aktivitet ved årskiftet 90-91. I 1992 har bedrifta vore inne i relativ jamn produksjon med 15 tilsette. Forrige år, (1991), hadde bedrifta 4 årsverk og ei omsetning på 1,7 mill.

## VOLDA

Tabell 4.4: Aktivitet til fiskebedrifta i Volda i 1992.

NAMN	TILSETTE	OMSETNING	ÅRSVERK
Volda Fiskemat as	1 kv. 10 menn	12,0 mill.	12,0 stk.

Volda Fiskemat as, driv kjølevareproduksjon av fiskemat og anna fiskeprodukt som blandaball og pochert laks.

I 1992 starta ein med direkte mottak frå fiskebåtar i lokalmiljøet.

Frå 1988 og fram til 1991, hadde bedriffa ei auke i omsetning frå 8,5 mill. til 12. mill. Bedrifta melder no om svært stramt marked og stadige tilpasningar. For 1992 er omsetninga framleis 12 mill. kr. Antall tilsette er ikkje endra, d.v.s. 11 tilsette i full aktivitet.

## Kapittel 5.

### RÅSTOFFSITUASJONEN / I LANDFØRT KVANTUM

Fiskeflåten i rettleiardistriktet leverer gjennom fleire salgslag. Talmaterialet er henta frå Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgslag og Vest-Norge Fiskesalgslag.

Desse fiskesalgslaga har omsetning av fisk og skalldyr, ikkje sild, makrell og oppdrettsfisk.

Tala synest å vere pålitelege, men nokre store båtar fell utanfor. Dette på grunn at leveringane ikkje skjer i fangståret, samt at leveringane foregår andre stader på kysten.

Av tabellane ser vi mellom anna at heile fiskeri rettleiardistriktet har registrerte landingar på 43.470.000 kr. Fordelt på dei ulike kommunene har Sande 93,6 %, Vanylven 6 % og Volda 0,4 % av dette.

Tabell 5.1: Landingar fordelt på kommuner og fiskeslag.

	ALLE FISKESL.	TORSK	SEI	HYSE	LANGE	BROSME
<b>Heile distriktet:</b>						
Kr. i tusen:	43.470	11.991	3.998	4.341	5.595	5.034
% :	100	28	9	10	13	12
<b>Sande:</b>						
Kr. i tusen:	40.695	10.383	3.733	4.043	8.872	4.709
% :	100	25	9	10	22	12
<b>Vanylven:</b>						
Kr. i tusen:	2.595	1.545	153	299	207	324
% :	100	60	6	12	8	13
<b>Volda:</b>						
Kr. i tusen:	180	62	112			
% :	100	35	62			

**Tabell 5.2: Prosentvis fordeling av leveringar til salgslaga.**

	<b>ALLE FISKESL.</b>	<b>TORSK</b>	<b>SEI</b>	<b>HYSE</b>	<b>LANGE</b>	<b>BROSME</b>
<b>SANDE</b>						
Sunnmøre/ Romsdal	81%	90%	97%	79%	56%	75%
Vest-Norge	19%	10%	3%	21%	44%	25%
<b>VANYLVEN</b>						
Sunnmøre/ Romsdal	43%	52%	56%	2%	7%	54%
Vest-Norge	57%	48%	44%	98%	93%	46%
<b>VOLDA</b>						
Sunnmøre/ Romsdal	100%	100%	100%	100%	100%	100%
Vest-Norge	0	0	0	0	0	0

Oversikta ovanfor viser omlag 30-40 % av fangstane som flåten frå Sande, Vanylven og Volda landar. Berre ein svært liten del av leveringane går til fiskemottak i fiskeriettleiardistriket.

Over dei to siste åra har prisane vore relativt gode til fiskar/flåten. Landingane har vore relativ godt tilpassa etterspørsel, men konkurransen som foredlingleddet har møtt utanfrå (Danmark), har ført til at store delar av landingane går uforedla til eksport. Denne utviklinga er så langt ein kan sjå enno framherskande.

Dei viktigaste bestandane i norsk fiske er inne i ei positiv utvikling. Bestandane veks og kvotene for viktige bestandar som norsk-artisk torsk, hyse og norsk våtgjærende sild aukar. Reguleringar for torske- og hysebestanden har ført til denne utviklinga. Sild og makrellbestandane i Nordsjøen er stabile, menden framtida for seibestanden i Nordsjøen er usikker.

## KAPITTEL 6.

### HAVBRUKSNÄRINGA

Etter oppdrettslova er oppdrett av fisk og skalldyr underlagt løyve/tillatelse (konsesjon).

Tabell 6.1: Konsesjonsoversikt (antal).

KONSESJONSTYPE	SANDE	VANYLVEN	VOLDA
Matfisk laks/aure	3	1	3
Settefiske laks/aure	-	3	6
Stamfisk laks/aure	-	1	-
ANDRE ARTAR:			
Skalldyr	-	-	2
Torsk	-	-	-
Kveite/piggvar	3	-	-
Ål	1	-	-
Kjempereker	-	1	-
<b>SUM</b>	<b>7</b>	<b>6</b>	<b>11</b>

Det var aktivitet for alle konsesjonar laks /aure i 1992.  
For andre artar enn laks, har aktiviteten vore ujamn og er på forsøksstadiet.

Sletting av konsesjonar som ikkje har hatt aktivitet har redusert antalet dei siste år.

Overståande oversikt viser gjenverande antal løyver.

Fylgjande selskap hadde aktivitet i fiskeoppdrett i 1992:

#### SANDE KOMMUNE

M/s 01 Vestlaks, Sandshamn	Matfisk laks/aure
M/s 02 Bringsvorlaks, Sandshamn	Matfisk laks/aure
M/s 03 Flatøy Fiskeoppdrett, Sandshamn	Matfisk laks/aure
M/s 04 Sande Seafarm, Gjerdsika	Kveite.
M/s 06 Aqua Marine, Gjerdsika	Ål.
M/s 09 Breivik Seafarm, Larsnes	Kveite/piggvar.
M/s 05 Nupafisk, Larsnes	Piggvar

Samla hadde desse 11,5 tilsette, 12,2 årsverk og 14,1 mill. kr. i salg. (Nupafisk er ikkje med i beregningane.)

#### VANYLVEN KOMMUNE

M/vn 02 Skorge Fiskeoppdrett, Åheim	Mat/settef. laks/aure
M/vn 03 Vanylvsfisk, Åheim	Settefisk laks/aure
M/vn 07 Vanylven Stamfisk (Samdrift under selskapet Vanylven)	Stamfisk laks/aure Stam og Settefisk)
M/vn 05 Vest Aqua, Rovde	Settefisk laks/aure

Samla hadde desse 16 tilsette, 17,5 årsverk og 18,1 mill. kr. i salg.

**VOLDA KOMMUNE**

M/va 02 Straume Fiskeoppdrett, Folkest.	M/S laks aure.
M/va 03 Sunlaks, Lauvstad	Matfisk laks/aure
M/va 05 Johs. S Gjerdsdal, Austefjorden	Settefisk laks/aure
M/va 07 Dalsfjord Fiskeoppdrett, Lauvst.	Settefisk laks/aure
M/va 10 Steinsvik Laks, Folkestad	Settefisk laks/aure
M/va 13 Ulvestadfisk, Lauvstad	Settefisk laks/aure
M/va 08 Kvangardsneslaks, Lauvstad	Matfisk laks/aure

Samla hadde desse 23 tilsette, 28,7 årsverk og salg på 49,32 mill. kr.

Dei tal som er brukte for å vise aktivitet innan oppdrett er innhenta ved anlegga.

Tilsvarande oversikter er innhenta sidan 1986 og viser:

**Tabell 6.2: Aktivitet innan oppdrett frå 1986 – 1992.**

	TILSETTE	SALG	ARBEIDSINNSATS
<b><u>SANDE</u></b>			
1986	7,5 stk.	12,0 mill	7,0 årsverk
1987	8,0 "	12,4 "	9,0 "
1988	10,5 "	12,3 "	10,7 "
1989	11,5 "	12,9 "	12,7 "
1990	11,0 "	13,3 "	12,7 "
1991	10,0 "	15,4 "	13,0 "
1992	11,5 "	9,7 "	12,2 "
<b><u>VAYLVEN</u></b>			
1986	13,0 stk.	12,5 mill	15,0 årsverk
1987	18,0 "	16,0 "	20,0 "
1988	19,0 "	22,0 "	21,5 "
1989	20,0 "	26,5 "	24,0 "
1990	16,5 "	15,6 "	23,0 "
1991	15,0 "	13,9 "	20,5 "
1992	16,0 "	18,1 "	17,5 "
<b><u>VOLDA</u></b>			
1986	27,0 stk.	12,3 mill	27,0 årsverk
1987	33,0 "	19,1 "	31,5 "
1988	44,5 "	51,3 "	41,5 "
1989	29,0 "	35,9 "	31,0 "
1990	22,0 "	39,6 "	26,0 "
1991	22,0 "	50,0 "	25,0 "
1992	23,0 "	48,3 "	28,7 "

Oppdrettsnæringa er vore inne i turbulente tider som stadig krev omstillingar. Økonomien er relativ svak. Dette medfører at næringa ikkje er i stand til å etterkome alle krav som vert framsett mot dei. Likevel finn ein grunnlag for å uttale at ein er i ei god utvikling.

1992


# FISKEOPPDRETTSAKTIVITET SANDE VANYLVEN VOLDA

## ANLEGGSPPLASSAR

Markeringar i kartet:

**X** Sjøbasert anlegg

**■** Landbasert anlegg



## **Kapittel 7.**

### **ANNA AKTIVITET / VERKSEMD**

#### **Planlegging:**

Kommunene i rettleiardistriktet er i arbeid med "kystsoneplan", men er ulikt komne i arbeidet. Opplegget for planarbeidet synest vere at ein utarbeider delplan til kommuneplanen og innarbeidar denne i arealdisponeringplan for kommunene.

Vanylven kommune har hatt arealdisponeringsplanen ut til høyring. Sande og Volda arbeider med høyningsutkastet. Fiskeriettleiarene har vore med på planarbeidet i alle kommunene.

#### **Krisehandtering:**

I starten av meldingsåret fekk kontoret erfaring med krisehandtering. I forbindelse med orkanskadehandtering/havari av større fartøy var kontoret i beredskap. Vi hadde ikkje aktivt feltarbeid, men beredskapen var prøvd med verdifull erfaring for eventuell seinare handtering. Kommuneadministrasjonen i dei ulike kommunene har primærfunksjonen, men kontoret kan bli bede om å bistå.

Kontoret er og med i beredskapsplan for algeoppblomstring.

#### **Nye prosjekt:**

I 1992 var det gjennomført ei kartlegging av råstoff, produksjon og biprodukt i fiskeindustrien der kontoret stod for innsamlinga. Formålet med kartlegginga er å volumfeste desse produkta/biproduktene for å etablere ivaretaking og nytting av biproduktene/avfallet som råstoff i produksjon. Ein ventar at kontoret vil få vidare arbeid med oppfølging av prosjektet som er eit resultat av stiftelsen RUBIN som står for "Resirkulering og Utnyttelse av organisk Biprodukt I Norge".

Oppdrettskontrollen som starta i 1991-92, vart vidareført med oppfølging i meldingsåret.

Arbeidet ved kontoret har endra seg frå direkte arbeid i næringa til service for kommunane og fiskeriadministrasjonen. Dette med bakgrunn i at dei som henvendar seg til kontoret etterspør slike tenester.